

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er godkjent.

Møtedato: onsdag 13. mars 2013
Stad: rom 305, HF-bygget

Frammøtte:

Frå gruppe A: Leiv Egil Breivik, Margareth Hagen, Kjetil Berg Henjum, Benedicte Mosby Irgens, Randi Koppen, Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B: Frank Weigelt

Frå gruppe C: Jan A. Johansen

Frå gruppe D: Mads Myrbråten og Isabell Aga Engelsen

Miguel Angel Quesada-Pacheco stilte på møtet p.g.a. sak 4 under.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 14. november 2012

Referatet blir sendt ut saman med referatet frå møtet 13. mars 2013.

Sak 3 – orienteringssaker

A. Margareth Hagen orienterte om utlysing av seks stipendiatstillingar våren 2013: fire opne, ei øymerkt russisk lingvistikk og ei øymerkt italiensk litteratur. Først har instituttet sortert ut dei som ikkje har grunnkvalifikasjonane i orden og derfor ikkje blir vurderte i den vidare prosessen. Det kjem til å bli institutteksterne medlemar (i tillegg til dei interne) i alle dei innleiande komiteane. Etter at desse komiteane har gjort jobben sin, set instituttet saman ein toppkomité som skal rangera mellom søkjarar frå dei ulike fag. Vi må i neste utlysing skriva mykje tydelegare at vi forventar namn på intern rettleiar i søknadene, og vi burde teke med i utlysinga at japansk og kinesisk ikkje var aktuelle i denne omgangen. Neste frist for å søkja phd-stillingar er tidleg i 2014.

B. Instituttet har følgjande faste stillingar utlyst våren 2013: førsteamanuensisstilling i japansk lingvistikk, førsteamanuensisstilling i spanskamerikansk litteratur, førsteamanuensisstilling i engelsk litteratur, to stillingar i kinesisk, førsteamanuensisstilling i fransk språk og førsteamanuensis i tyskspråkleg litteratur. Utlysingstekst for postdoktorstilling er dessutan sendt over til fakultetet (fireårig, open).

C. Spørsmålet om mellombels tilsette og minimumsbemanning på faga ved IF har vore drøfta i møte mellom institutt og fakultet. Her blir det lagt fram ei sak for fakultetsstyret 19. mars. Uthaug orienterte om saka.

Sak 4 – Tilsetjing i førstestilling (100 prosent) og lektorstilling (50 prosent) på spansk

Breivik orienterte om bakgrunnen for saka, jf også sakspapira som er sende ut på førehand.

Kjetil Berg Henjum fremja forslag om motsett prioritering – dvs heil stilling i spansk fagdidaktikk og halv stilling i kulturkunnskap – og grunngav dette med dei store udekte behova i fagdidaktikk på spansk (inkl. lektorutdanninga), og at noverande tilsette i halv stilling har fagbakgrunnen sin i fransk fagdidaktikk. Koppen etterlyste at leiinga gav eit klarare signal om kva ein ønskte å prioritera, utover det å følgja fleirtalet på det aktuelle faget.

Framlegg til vedtak (7 for, 1 imot – resten blanke): Rådet ved Institutt for framandspråk vedtek at førstestillinga (100 prosent) etter Line Schjolden blir lyst ut innanfor kulturkunnskap (Brasilkunnskap), og at den nye lektorstillinga (50 prosent) blir lyst ut innanfor spansk fagdidaktikk.

Sak 5 – Godkjenning av rekneskap for 2012 og budsjett for 2013

Saka vart utsett, jf e-post frå administrasjonssjef Uthaug 12.3.2013.

Sak 6 – Spørsmål om siderettleiing på master- og ph.d.-nivå

Margery Vibe Skagen presenterte framlegget frå franskfaget om å endra utteljinga for siderettleiing på master- og ph.d.-nivå, jf ettersending med e-post 12.3.2013. Koppen meinte to rettleiarar og full utteljing til begge var lettare å forsvare på ph.d.-nivå, men på master ville dette gjerne bli ei for dyr ordning. Henjum spurde om timetalet kunne utvidast mindre enn ei dobling med to rettleiarar. Hagen meinte det ikkje var naturleg at begge rettleiarane var med på alle møta, og at det derfor ikkje var naturleg med ei dobling. Ho meinte òg det burde skiljast mellom master og phd.

Det var semje om at saka om utteljing ved delt rettleiing vert utgreidd til eit seinare møte.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef